



Handlingsplan

Brukarmedverknad i Helse Sunnmøre

Anbefalt:

Dato:

Godkjent:

Dato:

Innhald

Innleiing.....	3
Overordna mål.....	3
Delmål 1: Kompetanseutvikling i høve til brukarmedverknad.....	4
Delmål 2: Organisering av brukarmedverknad.....	5
Delmål 3: Forsking og utvikling vedrørande brukarmedverknad.....	5
Oppsummering og folslag til vidare arbeid i Helse Sunnmøre.....	6

INNLEIING

["Handlingsplan for brukarmedverknad i Helse Midt-Norge \(2010 – 2015\)"](#) er vedtatt av styret i Helse Midt-Norge. Den er utarbeid med utgangspunkt i dei overordna føringane gitt i [Strategi for brukarmedverknad i Helse Midt-Norge \(2007 - 2011\)](#)

Handlingsplan for brukarmedverknad i Helse Sunnmøre vil ta utgangspunkt i den regionale planen. Det er direktøren som har det overordna ansvaret for gjennomføring av tiltaka i planen.

- Handlingsplanen for brukarmedverknad i Helse Sunnmøre skal gi retningslinjer for leiarar på alle nivå, tilsette og brukarar.
- Handlingsplanen for brukarmedverknad skal skape forståing for at brukarmedverknad er naudsynt.
- Handlingsplanen for brukarmedverknad skal gi brukarane reell innverknad inn mot spesialisthelsetenesta i Helse Sunnmøre på system- og individnivå.
- Handlingsplanen for brukarmedverknad skal gi klare ansvarstilhøve når det gjeld kven som gjør kva for å sikre den gode kvaliteten på helsetenestane.
- Handlingsplanen for brukarmedverknad skal inneholde tiltak for systematisk forbedringsarbeid. Alle tiltaka i planen skal kunne etterprøvast når det gjeld gjennomføring , resultater.
- Handlingsplanen for brukarmedverknad skal skildre og målsette kvalitet innanfor følgende felt:
 - Kompetanseutvikling når det gjeld brukarmedverknad
 - Organisering av arbeidet med brukarmedverknad
 - Forsking og utviklingstiltak på feltet brukarmedverknad.

Ein nyttar ulike omgrep når ein snakkar om brukarmedverknad som til dømes brukar, brukarmedverknad, brukarrepresentant, brukarutval og brukargruppe. Desse omgrepa er definerte i "Handlingsplan for brukarmedverknad i Helse Midt-Norge (2010 – 2015)" (sjå lenkar innleiingsvis) og denne forståinga vil også gjelde for Helse Sunnmøre.

OVERORDNA MÅL.

I "Strategi for brukarmedverknad i Midt-Norge" (2007 - 2011) er det utarbeida ein overordna målsetning: "Målet er at brukerne skal ha innsikt i sin helsetilstand, innholdet i behandlingstilbudet og innflytelse på selve behandlingen (individnivå), og at brukarmedverknad skal bidra til god kvalitet på tjenestene (systemnivå)". For å oppnå dette, har Helse Midt-Norge RHF vedtatt å (1) Styrke brukarmedverknad på individnivå; og (2) Styrke brukarmedverknad på systemnivå innan utgangen av år 2011

DELMÅL 1: KOMPETANSEUTVIKLING I HØVE TIL BRUKARMEDVERKNAD.

Brukarane sin deltaking i den kunnskapsbaserte praksisen skal sikrast ved at brukarar og fagpersonell har naudsynt kompetanse i brukarmedverknad på system- og individnivå.

Følgjande tiltak skal innfriast:

- 1.1 Spesialisthelsetenesta skal ha system for å sikre at pasientar/pårørande får informasjon og opplæring som sett den einskilde i stand til å medvirke i sitt eige behandlings- og tenestetilbod.

No	Tiltak	Ansvarlig	Etablert
1	Tilby pasientar og pårørande informasjon om rettigheter, utreiing/behandlingstilbod og opplæring i heile behandlingsgangen. Her vil det vere naturleg å samarbeide med Lærings- og meistringssenteret og opplæringskoordinatorane. Dette punktet må også takast inn i pasientflytprosjekta.	Helseføretaka ved kommunikasjonssjef Solveig Moe Frøland	2010
2	Legge til rette for brukarorganisasjonane sitt informasjons- og likemannsarbeid i helseføretaket sine einingar. Brukarutvalet gjere ein generell henvendelse til alle organisasjonar.	Brukarutvalet	2010

- 1.2 **Spesialisthelsetenesta skal ha system som sikrar at brukerrepresentantar får informasjon som setter dei i stand til å medvirke på systemnivå.**

No	Tiltak	Ansvarlig	Etablert
1	Tilby brukarrepresentantar informasjon og opplæring om helseføretaket og einingar sin organisering og virke.	Helseføretaka ved opplæringsleiar/ brukarutvalet og brukarorganisasjonane.	2010
2	Brukarrepresentantar skal ha individuell opplæring på den enkelte klinikk	Klinikksjef	2010

- 1.3 **Spesialisthelsetenesta skal ha system som sikrar at tilsette har kompetanse som gjør at dei kan legge til rette for brukarmedverknad på system- og individnivå.**

No	Tiltak	Ansvarlig	Etablert
1	Tilby informasjon og undervising til fagpersonell i korleis dei skal ivareta brukarmedverknad både på individ- og systemnivå. Til dømes i: - kompetanseplanar - introduksjonskurs for nytilsette - internundervising retta mot fagpersonell tilsett i spesialisthelsetenesta - Leiarutviklingsprogram Her vil det vere naturleg å samarbeide med opplæringsleiar i helse føretaket. Det ligg allereie føringar om dette i Styringsdokument 2010: "Opplæringsleiar HSM har fått følgande oppdrag: Tilby informasjon og undervising til fagpersonell i hvordan de skal ivareta brukarmedverknad både på individ- og systemnivå. Eksempelvis i; kompetanseplaner, introduksjon	2 nivå. Helseføretaket og klinikknivå	2011

	for nyansatte, internundervisning rettet mot fagpersonell, lederutviklingsprogram." (Skal vere på plass i 2011)		
--	---	--	--

1.4 Klinikkane skal ha system som sikrar at brukarrepresentantar får nødvendig informasjon og opplæring.

No	Tiltak	Ansvarlig	Etablert
1	Ved oppnemning av brukarrepresentantar i klinikkane skal klinikken sjå til at brukarrepresentantane får den nødvendige informasjon og opplæring til å kunne ivareta dei oppgåvene som skal ivaretakast som brukarrepresentant	Klinikkleiinga	2010

DELMÅL 2: ORGANISERING AV BRUKARMEDVERKNAD.

Etablere system som sikrar at brukarane involverast og gis innverknad i utforming av helsetenestane.

Følgjande delmål skal innfriast:

2.1 Alle nivå i spesialisthelsetenesta skal synleggjøre at brukarmedverknad er ivaretatt.

No	Tiltak	Ansvarlig	Etablert
1	Utarbeide årlig rapport for hvordan brukarmedverknad er ivaretatt. Rapporten skal mellom anna inneholde: - status, føremål og tiltak i handlingsplana - planlagte tiltak - økonomi	Helseføretaket ved seniorrådgjevar Anny Sønderland	2010
2	Utvikle og implementere retningsliner og prosedyrar for brukarmedverknad på system og individnivå.	Helseføretaka . Direktør oppnemner eiga gruppe med opplæringsleiar Bodil Våge, LMS og brukarutval	2011

2.2 Spesialisthelsetenesta skal sette iverk tiltak som styrker brukarrepresentantane sin deltaking.

No	Tiltak	Ansvarlig	Etablert
1	Sette av ressursar (inkl. økonomi) til drift av brukarutval, -grupper og brukarrepresentasjon.	Helseføretaka	2010
2	Oppnemne ansvarleg(e) for brukarutval, -grupper og brukarrepresentasjon for øvrig.	Helseføretaka	2010
3	Brukarutval og brukargrupper skal gjere framlegg til brukarrepresentantar til prosjekt/arbeidsgrupper, jf. 2.2.1.	Helseføretaka	2010

2.3 Spesialisthelsetenesten skal etablere system som styrker brukarmedverknad i heile behandlingsgangen.

No	Tiltak	Ansvarlig	Etablert
1	Styrke samarbeidet mellom brukarutval/brukergrupper og brukarorganisasjonar . Være ein del av pasientforløpa.	Arbeidsgruppe med representantar frå LMS, opplæringsleiar, brukarutval og nokre av klinikkane.	2013

DELMÅL 3: FORSKING OG UTVIKLING VEDRØRANDE BRUKARMEDVERKNAD.

3.1 Spesialisthelsetenest skal til ei kvar tid innhente, formidle og ta i bruk forskningsbasert kunnskap om brukarmedverknad.

No	Tiltak	Ansvarlig	Etablert
1	Ta i bruk forskningsbasert kunnskap om brukarmedverknad i det kliniske arbeidet.	Helseføretaket ved LMS	2015

I hovedsak er Helse Midt-Norge ansvarleg for implementering og prosjektstyring når det gjeld forskning. Det bør likevel etablerast informasjonskanalar der helseføretaka lett kan tilegne seg forskingsresultat og kunnskapar om brukarmedverknad i klinikkar og avdelingar og i det kliniske arbeidet. Når slik informasjonstilgang er etablert tilligg det HSM å ta i bruk den forskingsbaserte kunnskapen i sitt arbeid. Ansvar for dette må ligge på toppleiinga delegert til fagdirektør.

Oppsummering og framlegg til vidare arbeid i Helse Sunnmøre:

"Handlingsplan for brukarmedverknad i Helse Midt-Norge (2010 – 2015)" er avgrensa i tid og har lagt føringar for konkrete arbeidsområder for helseføretaka. I denne prosessen vert avdelingar/ klinikkar og brukarutval sentrale samarbeidspartar og bidragsytarar. For å sikre at Helse Sunnmøre fram til 2015 arbeider målretta for å gjennomføre tiltaka i planen foreslås følgjande:

Det blir oppnevnt ein koordinator som leier arbeidet i planperioden og ei arbeidsgruppe/prosjektgruppe med representantar frå alle klinikkane. Dei ulike klinikkane har allereie ein del erfaring med brukarmedverknad i pasientopplæring og pasientflytarbeid i tillegg til lokale brukargrupper og likemansarbeid. Klinikane blir difor sentrale i arbeidet med dei delmåla og tiltaka som helseføretaket har fått ansvaret for. Representant(ar) frå brukarutvalet i HSM skal delta i arbeidsgruppa/prosjektgruppa.